



Justis- og
beredskapsdepartementet

Klima- og miljødepartementet

Tildelingsbrev 2022

Syssemeisteren på Svalbard

24. januar 2022

Innhald

I.	Innleiing.....	2
II.	Utfordringar, moglegheiter og prioriteringar	3
A.	Godt forvalta polarområde	3
B.	Miljø- og kulturminne	4
C.	Generelt.....	6
III.	Mål, styringsparametrar og oppdrag for 2022.....	6
A.	Mål og resultatforventningar for 2022	6
IV.	Mål og resultatforventningar for KLD	16
A.	Naturvern	16
B.	Forurening	19
C.	Kulturminne og -miljø.....	21
D.	Tverrgående miljøarbeid	22
V.	Styring og kontroll hos Sysselmeisteren	25
A.	Internkontroll	25
B.	Saker frå Riksrevisjonen og Sivilombodet.....	26
VI.	Fellesføringar og andre krav frå regjeringa.....	27
VII.	Styringsdialog og rapportering i 2022.....	28
A.	Styringsdialog 2022.....	28
B.	Rapportering 2022	28
VIII.	Budsjettramma	29
A.	Budsjettramma	29
B.	Tildeling over andre budsjettkapittel	30
1.	Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter, post 21 Spesielle driftsutgifter	30
2.	Kap. 469 Vergemål post 21 Spesielle driftsutgifter	31
3.	Kap. 440, post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag	31
C.	Meirinntektsfullmakter	31
D.	Delegering av fullmakter i samsvar med løyvingreglementet til Stortinget	32
E.	Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (§ 3, fjerde ledd 2. setning) 32	
F.	Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret (§ 6 anna ledd).....	33
G.	Særskilt om bygge- og leigekontraktar.....	33
H.	Fullmakt til å overskride investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel (§ 11 fjerde ledd nr. 2)	34
I.	Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra (§ 11 fjerde ledd nr. 3)	34
J.	Overføring av ubrukt driftsløyving frå eitt år til neste (§ 5)	35

I. Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og Klima- og miljødepartementet (KLD) gir i dette tildelingsbrevet signal om styring, tildeler midlar og delegerer fullmakter til Sysselmeisteren på Svalbard. Tildelingsbrevet er basert på Prop. 1 S (2021–2022) Svalbardbudsjettet, Prop. 1 S (2021– 2022) for KLD og Stortingets behandling av desse budsjettproposisjonane. I tillegg gjeld krav og føringar gitt i departementets økonomi- og verksemdssinstruks til Sysselmeisteren.

JD har det overordna administrative ansvaret for styringa av Sysselmeisteren.

KLD har det overordna ansvaret for miljøvernforvaltinga på Svalbard med Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Norsk Polarinstitutt som ytre etatar, og Sysselmeisteren på Svalbard som regionalt apparat. Sysselmeisteren har ansvaret for det daglege forvaltings- og tilsynsarbeidet innanfor klima- og miljøsektoren på øygruppa. Den faglege styringa av Sysselmeisteren på miljøvernområdet skjer direkte frå Klima- og miljødepartementet. Styringa skjer i samråd med JD, som er administrativt overordna departement for Sysselmeisteren.

Tildelingsbrevet er utforma på bakgrunn av det endelege budsjettvedtaket til Stortinget av 15 desember 2021 og presenterer dei økonomiske rammene for verksemda i 2022, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 7 og bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 1.5.

JD har fastsett følgjande overordna sektormål for justis- og beredskapssektoren:

- Rettstryggleik
- Tryggleik i samfunnet
- Godt og tilgjengeleg lovverk
- Kontrollert og berekraftig innvandring
- Låg kriminalitet
- Godt forvalta polarområde

Sysselmeisteren skal særleg bidra til å nå følgjande sektormål på JD sitt område:

- Godt forvalta polarområde
- Tryggleik i samfunnet
- Låg kriminalitet

Sysselmeisteren har også oppgåver knytte til sektormålet Rettstryggleik.

KLD har i Prop. 1 S (2021–2022) desse nasjonale måla for miljøpolitikken på Svalbard under resultatområdet Polarområda:

- Omfanget av villmarksprega område skal haldast ved lag, og naturmangfaldet skal bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet.
- Dei 100 viktigaste kulturminne- og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom ei føreseieleg og langsiktig forvaltning

Tildelingsbrevet tar utgangspunkt i måla som er fastsett i Prop. 1 S (2021–2022) og hovudutfordringane som er særleg relevante for Sysselmeisteren.

Dei verksemdsmåla, styringsparametrane, resultatkrava og oppdraga som kjem fram i dette tildelingsbrevet, vil vere førande for departementa si oppfølging av Sysselmeisteren i 2022. Departementa understrekar at tildelingsbrevet ikkje er uttømmende for dei oppgåvene Sysselmeisteren skal utføre. Utover dei prioriteringane og krava som er omtalte i tildelingsbrevet, legg departementa til grunn at den laupande verksemda blir vidareført innanfor dei føringane som følgjer av hovudinstruksen for Sysselmeisteren, samt anna gjeldande regelverk og andre instruksar. Departementa gjer merksam på at Sysselmeisteren har eit sjølvstendig ansvar for å informere departementet om vesentlege risikoar og/eller avvik knytte til Sysselmeisteren sine oppgåver, og for å fremme forslag om moglege korrigerande tiltak, jf. pkt. 2.3.2 i bestemmelser om økonomistyring i staten.

II. Utfordringar, moglegheiter og prioriteringar

A. Godt forvalta polarområde

JD sitt mål for svalbardpolitikken er «godt forvalta polarområde». Med godt forvalta polarområde meiner ein at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk. Desse omhandlar bl.a. å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å oppretthalde eksisterande norske samfunn i desse områda.

Godt fungerande næringsliv, sysselsetjing og busetjing er viktig for at ein skal kunne nå dei overordna måla for svalbardpolitikken. Eit av hovudmåla i svalbardpolitikken er å halde oppe norske samfunn på øygruppa. Målet har først og fremst vore oppfylt gjennom Longyearbyen. Normalt er det svært få arbeidslause på Svalbard. Virusutbrotet og dei følgjande smitteverntiltaka råka sysselsetjinga på Svalbard frå mars 2020.

Det er i dag framleis uvisse i Longyearbyen om dei økonomiske verknadene av virusutbrotet og dei påfølgjande smitteverntiltaka. Beredskapen, særleg helseberedskapen

og den lange evakueringstida til fastlandet, set grenser for kor raskt og i kva omfang aktiviteten kan takast opp att.

Kolkraftverket i Longyearbyen skal fasast ut. Det er samstundes slått fast at når kolkraftverket i Longyearbyen er teke ut av drift, skal òg verksemda i Gruve 7 ta slutt, med konsekvensar for sysselsetjinga. Situasjonen for næringslivet i Longyearbyen vil derfor bli følgd nøye.

Longyearbyen er utsett for skred, og vart ramma av store snøskred to vintrar på rad, i desember 2015 og i februar 2017. Store ressursar har blitt nytta for å hindre at nye skred skadar liv og eigedom i Longyearbyen.

Seglingsseasonen til Sysselmeisteren sitt fartøy M/S «Polarsyssel» er frå 2020 utvida til å dekke heile året, noko som har styrkt Sysselmeisteren si evne til å utøve mynde på øygruppa, og som har medverka til å styrke beredskapen.

B. Miljø- og kulturminne

Eit av dei overordna måla for svalbardpolitikken er å ta vare på den særeigne villmarksnaturen på Svalbard. Dei spesifikke miljømåla for Svalbard følger av Innst. 88 S (2016–2017) og Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard. Der er det slått fast at innanfor dei rammene traktats- og suverenitetsmessige omsyn setter, skal miljøomsyn veie tyngst ved konflikt mellom miljøvern og andre interesser. Miljøvernarbeidet på Svalbard skal legge vekt på å verne om villmarksområda på Svalbard med naturverdiar, biologisk mangfald og kulturminne i ein situasjon med raske endringar i klimaet, der både natur og kulturminne er meir sårbare for belastninga av ferdsel.

Raske klimaendringar gir store utfordringar for miljøvernet og lokalsamfunna på Svalbard. Dei allereie eksisterande konsekvensane av klimaendringane vil bli større, både for økosystema, som blir meir sårbare for ferdsel, og for befolkninga. Årstemperatur og nedbør vil auke kraftig. Vi må ta høgde for meir kraftig nedbør, oppvarming av permafrosten og auka førekomst av skred. Bygningar på Svalbard er i hovudsak bygd på permafrost, og ei kontinuerleg auking av temperatur i dei øvste laga i bakken vil skape utfordringar for bygningsfundament og infrastruktur.

I dag endar meir enn halvparten av isbreane på Svalbard inst i fjordarmar, men framtidig smelting vil føre til ein nedgang i talet på slike brear på Svalbard. Klimaendringane gir mindre fjordis på vestkysten av Svalbard. Fjordområde med beskyttande brefrontar som enno har stabil fjordis vinterstid, slik som Van Mijenfjorden, blir derfor stadig viktigare for isavhengige artar som ringsel og isbjørn. Samtidig blir desse områda meir attraktive som mål for utfluktar.

Framande arter er ein miljøtrussel i Arktis og på Svalbard. Fleire nye arter kjem på naturleg vis med havstraumar og kan etablere seg som følge av varmare hav og generelt varmt klima. Andre arter blir introduserte gjennom menneskeleg aktivitet.

Klimaendringane gjer kulturmiljøa meir utsette enn tidlegare på grunn av auka erosjon, auka fare for flaum og skred og fordi grunnen tiner. Mindre permafrost inneber at mange bygg får skader. Ferdsel kor folk går i land på populære stader er også ein utfordring, med skader og slitasje på terreng og kulturmiljø. På bakgrunn av måla for miljøpolitikken på Svalbard har KLD følgande prioriteringar:

- Arbeide for at den samla belastninga på sårbare økosystem, og natur- og kulturminneverdiar frå ferdsel og annan menneskeleg aktivitet ikkje aukar.
- Bidra til å redusere lokale kjelder til forureining og avfall på Svalbard.
- Følge opp arbeidet med oppryddinga etter kolddrifta i Svea.
- Arbeide for at areal- og samfunnsplanlegginga tar omsyn til klimaendringar, og natur- og kulturmiljøverdiar innanfor planområda.
- Bidra til å sikre sårbare kulturmiljø utsett for påverkingar av klimaendringane.

Svalbardmiljølova med forskrifter er det viktigaste verkemiddelet for å nå miljømåla på Svalbard. Miljøregelverket og miljømåla set rammer for all verksemd. Det blir no arbeid med å revidere dagens miljøregelverk for å ivareta miljømåla og bevare natur- og kulturminneverdiane på Svalbard. Sysselmeisteren har ein viktig rolle i dette arbeidet.

Det er ei prioritert oppgåve for miljøstyresmaktene å redusere lokale kjelder til forureining og avfall på Svalbard. Sysselmeisteren vil rettleie og følge opp krava i forskrift om forureining og avfall som tredde i kraft 1. januar 2020. Miljøstyresmaktene jobbar med å auke kunnskap om moglegheiter og utfordringar knytt til sirkulær økonomi på Svalbard og vil halde fram med dette i 2022.

Sysselmeisteren har i 2021 begynt på ein strategi for å redusere marin forsøpling på Svalbard. Arbeidet knytt til marin forsøpling vil fortsette i 2022.

Prioriterte kulturminne skal sikrast med utgangspunkt i kulturminneplanen for Svalbard for 2013–2023. Miljøstyresmaktene arbeider med å revidere kulturminneplanen for Svalbard, og det skal utarbeidast indikatorar for rapportering, slik at ein kan rapportere på det nasjonale miljømålet for kulturminne på Svalbard.

C. Generelt

Sysselmeisteren har dei seinare åra hatt vekst i talet på tilsette. Gjennom tildelingsbrevet søker departementet å skape handlingsrom for å sikre at Sysselmeisteren kan prioritere interne utviklingsprosesser. Dette skal legge til rette for gode leveringar i framtida.

Meld. St. 14 (2020–2021) Perspektivmeldingen 2021 understrekar at offentlege tenester må effektiviserast og utviklast i takt med at samfunnet endrar seg. Petroleumsnæringa vil i tida framover ikkje lenger vere vekstmotor i norsk økonomi. Samtidig står vi overfor einbetydeleg auke i utgifter til pensjon og eldreomsorg. Handlingsrommet i statsbudsjettet vil derfor bli trongare. Teknologisk utvikling i høgt tempo gir likevel nye moglegheiter for å jobbe smartare, førebyggje kostnadsdrivande hendingar og effektivisere offentlege tenester.

Dei fleste verksemdene i justissektoren utøver eller støttar funksjonar som er kritiske for samfunnet, og fleire har i tillegg funksjonar, infrastruktur og tenester som er omfatta av sikkerhetslova. Ved anskaffingar av utstyr og infrastruktur som er vesentlig for utøving av slike funksjoner eller for å ta vare på konfidensialitet, integritet, eller tilgang i utstyr og infrastruktur som er vesentlig for tenestene skal verksemdene gjennomføre særskilte og dokumenterbare risikovurderingar før slikt materiell blir innkjøpt frå land vi ikkje har et tryggleiksmessig samarbeid med.

III. Mål, styringsparametrar og oppdrag for 2022

A. Mål og resultatforventningar for 2022

VERKSEMDSMÅL 1:	Tryggleik på og rundt Svalbard
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Det er eit mål å gje folk tryggleik i heile landet. Det viktigaste er å sørge for at uønskte hendingar og kriminalitet ikkje skjer. Den geografiske plasseringa til Svalbard, store avstandar og krevjande klima gir særskilde utfordringar for samfunnstryggleik og beredskap.	

Sysselmeisteren på Svalbard er regjeringa sin øvste representant på øygruppa og har rollen både som politimester og fylkesmann, og er den sentrale instansen når det gjeld så vel planlegging som krisehandtering innan samfunnstryggleik- og beredskapsområdet.

STYRINGSPARAMETER 1.1:	Utvikling i kriminalitet
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Vi ber her om omtale av utvikling i kriminalitet. Vi ber om at det også blir rapportert på miljøkriminalitet.	

STYRINGSPARAMETER 1.2:	Utvikling andre alvorlige hendingar
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Vi ber her om ei skildring av hendingar knytt til sikkerhet og beredskap, ut over hendingar knytt til kriminalitet. Døme på hendingar kan vere skred, isjørnhendingar og rednings- og leiteaksjonar.	

OPPDRAG 1.1:	Utvikle forslag til sertifiseringsordning vidare
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: JD og Nærings- og fiskeridepartementet sende 31. august 2021 på høyring forslag til ny forskrift om sikkerheit i felt mv. på Svalbard. Forskriftsutkastet inneheld m.a. forslag til ei myndigheitspålagd sertifiseringsordning for Svalbardguidar. Forslag til ny forskrift legg opp til at det blir arbeid vidare med utforminga av ei slik sertifiseringsordning. Det er ønskeleg å gjere dette parallelt med at forslaget til ny feltsikkerheitsforskrift er på høyring. Målet er å kome vidare i arbeidet med å utforme forslag til forskrift om sertifiseringsordning. Endeleg avgjerd om når og på kva måte eit forslag til forskrift om	

sertifiseringsordning blir sendt på høyring, vil bli teke etter at høyringa av forslag til ny feltsikkerheitsforskrift er gjennomført.

Beskriving:

Sysselmeisteren skal involvere bransjeorganisasjonar og relevante fagmiljø i arbeidet med å utvikle forslag til utforming av forskrift om sertifiseringsordning. Det skal m.a. utviklast forslag til kurs- og kompetansekrav, tal på sertifiserte guidar per deltakar på aktivitetar utanfor lokalsamfunna basert på type aktivitet og sesong og andre rammer for innretninga av sertifiseringsordninga som omtala i forslag til ny feltsikkerheitsforskrift.

I forslag til ny feltsikkerheitsforskrift er det også lagt opp til at Sysselmeisteren skal utarbeide:

- Elektronisk skjema for melding til Svalbard skattekontor, jf. forskriftsforslaget § 4
- System for dokumentasjon og refusjon av utgifter til redningsaksjonar, jf. forskriftsforslaget § 14
- Elektronisk skjema for søknad om ferdsel, aktivitet eller opphald, jf. forskriftsforslaget § 15
- Elektronisk skjema for rapportering til Sysselmeisteren om gjennomført aktivitet, jf. forskriftsforslaget § 18.

RAPPORTERINGSKRAV 1.1:	Status arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Vi viser til <i>Instruks for fylkesmannens og Sysselemdannen på Svalbards arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering</i> . Der heiter det at Sysselmeisteren skal ha oversikt over risiko og sårbarheit ved å utarbeide ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Svalbard i nært samarbeid med regionale aktørar. Ein oppfølgingsplan skal være fireårig og bli oppdatert årleg. Sysselmeisteren skal revidere ROS ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet og minimum kvart fjerde år.	

STATISTIKK:	
Rapportering:	Tertialvis
<ul style="list-style-type: none"> • Tal på evakueringar pga. skredfare • Dagar med evakuering i Longyearbyen 	

- Tal på redningsaksjonar
- Tal på rapporterte isbjørnhendingar

VERKSEMDSMÅL 2:	Halde ved lag Longyearbyen som norsk familiesamfunn
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale: Eit av hovudmåla i svalbardpolitikken er å halde ved lag norske samfunn på Svalbard. Målet blir oppfylt i hovudsak gjennom familiesamfunnet i Longyearbyen. Det er eit mål at Longyearbyen skal vere eit levedyktig lokalsamfunn som er attraktivt for familiar, og eit samfunn som medverkar til å oppfylle og støtte opp under dei overordna måla i svalbardpolitikken.</p> <p>Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS medfører ei stor omstilling for Longyearbyen. Nedbemanninga har samstundes ikkje hatt særleg innverknad på talet på sysselsette eller innbyggjarar i Longyearbyen. Andre næringar har vore i vekst, t.d. reiseliv. Samansetninga av befolkninga er derimot i endring på fleire vis, med ein større del utlendingar enn tidlegare år.</p>	

STYRINGSPARAMETER 2.1 :	Vurdering av utvikling i befolkningstal (demografisk)
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale: Befolkningstal blir utarbeida av SSB og av Skatteetaten. Vi ber Sysselmeisteren rapportere på og kommentere tala.</p>	

STYRINGSPARAMETER 2.2	Vurdering av utvikling i næringsverksemd
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale: Tal om næringsverksemd blir utarbeidd av SSB m. fl. Vi ber Sysselmeisteren om å finne relevante tal og gje ein kommentar til desse.</p>	

STYRINGSPARAMETER: 2.3	Status skredvarsling og skredovervaking i Longyearbyen og eventuelle tiltak sette i verk av Sysselmeisteren
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale: Før permanent skredsikring er på plass har Sysselmeisteren ansvar for å overvake skreditsituasjonen i Longyearbyen og følge opp med eventuelle tiltak. Vi ber her om rapportering om evakueringar og andre tiltak som Sysselmeisteren har sett i verk i løpet av året.</p>	

VERKSEMDSMÅL: 3	Effektiv og rettssikker forvaltning
Rapportering:	Tertialvis

OPPDRAG 3.1:	Delta i arbeidet i KVVU og KS1 om nytt tenestefartøy
Rapportering:	Ingen rapportering
<p>Nærmare omtale: JD er i ferd med å få utarbeidd ei konsekvensutgreiing (KVVU) om nytt tenestefartøy på Svalbard. Utgreiinga vil bli følgt av ekstern kvalitetssikring (KS1). Sysselmeisteren vil også i 2022 måtte sette av ressursar til dette arbeidet.</p>	

OPPDRAG 3.2:	Implementere kontrakt med ny helikopterleverandør
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale: Sysselmeisteren sin helikopterteneste vil i løpet av 2022 få ny leverandør. Helikoptertenesta vil få same leverandør og vere i felles operasjon med ei ny redningshelikopterteneste i Tromsø.</p>	

Anbudskonkurransen viste at ein felles leverandør og felles operert base for Tromsø og helikoptertenesta for Sysselmeisteren, vil gi økonomiske og kvalitetsmessige fordelar. Avtalen varer i seks år, med moglegheit for å forlengje i inntil fire år, til saman ti år.

Sysselmeisteren har eit ansvar for å sikre at overgang til ny leverandør skjer på ein tilfredsstillande måte.

STYRINGSPARAMETER 3.1:	Status saksbehandlingstid og restansar
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Departementet ønsker informasjon om kvalitet og kvantitet i saksbehandlinga hos Sysselmeisteren. Vi ønsker derfor å vite noko om status for restansar og saksbehandlingstid. For å få eit heilskapleg bilete legg vi til grunn at Sysselmeisteren sjølv finn tilgjengelig statistikk for ulike sakstypar og gjer si vurdering. Det er samstundes ikkje eit mål at saksbehandlingstida skal gå ned mot null, da dette kan bety at ein har overkapasitet.	

STYRINGSPARAMETER 3.2:	Utvikling i klagesaker
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Departementet ønsker ei vurdering av kvaliteten på saksbehandlinga hos Sysselmeisteren. Ein indikator på kvaliteten er kor mange og kor stor del av saker hos Sysselmeisteren som blir klaga på og der klagar får medhald. Det er samstundes ikkje eit mål at ein ikkje skal ha nokre klagesaker der klagar får medhald.	

RAPPORTERINGSKRAV 3.1:	Status kontraktsoppfølging Sysselmeisteren sitt tenestefartøy
Rapportering:	Tertialvis

RAPPORTERINGSKRAV 3.2:	Status kontraktsoppfølging Sysselmeisteren sine helikopter
Rapportering:	Tertialvis

STATISTIKK:	
Rapportering:	Årleg

- Tal på alkoholkort ferda ut
- Søknader om skjenkeløyve, mottatte og handsama
- Importsøknader om alkohol, mottatte og handsama
- Søknader om skjenkeløyve til utsegn, mottatte og handsama
- Søknader om visum, fastbuande/turister, mottatte og handsama
- Tal på vigslar
- Utførte notarialstadfestingar
- Statistikk knytt til kjøretøy og førarkort
- Søknader om erverv av skytevåpen
- Søknader om leie av våpen til isbjørnbeskyttelse
- Våpenkontroller
- Tilbakekalla våpenkort

VERKSEMDSMÅL 4:	Velfungerande politi og påtalemyndigheit
Rapportering:	Tertialvis

Nærmare omtale:

Det er eit mål å sørgje for at kriminalitet og uønskte hendingar ikkje skjer. Regjeringa skal kjempe mot kriminalitet, men òg årsakene til kriminalitet, gjennom å førebyggje og etterforske betre. Politiet skal vere til stades i kvardagen til folk, òg i den digitale kvardagen.

Påtalearbeid skal skje i tråd med riksadvokaten sitt rundskriv om mål og prioriteringar for 2022.

Politiet og påtalemyndighet skal jobbe med miljøkriminalitet i tråd med Innst. 68 S (2020–2021) om *Miljøkriminalitet*.

OPPDRAK 4.1:	Utøve synleg mynde og kontroll på Svalbard, og vurdere behov for endringar i innretninga av denne.
Rapportering:	Årleg
Nærare omtale: Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på Svalbard og tek vare på dei statlege interessene på øygruppa. Sysselmeisteren har i kraft av rolla som politimeister same ansvar og mynde som politimeistrane på fastlandet.	
Beskriving: Sysselmeisteren skal utøve mynde på Svalbard i samsvar med ansvaret som er pålagt embetet. Det inneber kontroll og oppsyn med personar og aktivitet på øygruppa. Sysselmeisteren skal vidare vurdere om det er utviklingstrekk eller behov som gjer det nødvendig med endra nivå eller område for kontroll og oppsyn med personar eller aktivitet på Svalbard. Sysselmeisteren skal vurdere korleis utøving av mynde kan innrettast for å samsvare med relevante utviklingstrekk. Sysselmeisteren fekk i 2017 auka løyving for å ha meir kontroll og nærvær på Svalbard lufthamn.	

STYRINGSPARAMETER 4.1:	Sysselmeisteren sitt arbeid med miljøkriminalitet
Rapportering:	Tertialvis

STYRINGSPARAMETER 4.2:	Sysselmeisteren sitt arbeid med anna kriminalitet
Rapportering:	Tertialvis

STATISTIKK:	
Rapportering:	Tertialvis

- Tal på aktorat
- Tal på dagar brukt til aktorat
- Tal på tilståingsdomar
- Tal på førelegg
- Tal på straffesaker
- Tal på utførte kontrollar og tilsyn
- Tal på forvaltningsvedtak og saksbehandlingstid.
- Tal på straffesaker oppretta av Sysselmeisteren.
- Saksbehandlingstid.
- Oppklaring.
- Restansegrad
- Tal på timar til IP-trening og ÅOÅ.
- Tal på timar til Svalbard-relatert polititrening.
- Tal på dagar med nærvær på flyplassen

VERKSEMDSMÅL 5:	God beredskap
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale:</p> <p>Sysselmeisteren skal vere pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, jf. <i>instruks for fylkesmannens og Sysselmeisteren på Svalbards arbeid med samfunnstryggleik, beredskap og krisehandtering (fastsett ved kgl.res. 19. juni 2015)</i>. Hendingane kan vere ikkje-planlagde hendingar som naturkatastrofar eller planlagde hendingar som kriminalitet og terrorisme. Sysselmeisteren som statsforvaltar leier beredskapsrådet for Svalbard.</p> <p>God beredskap krev klare ansvarslinjer og lokal forankring. Ressursane som skal handtere krisane, må vere tilgjengelege.</p> <p>Med dette målet vil ein sikre god beredskap gjennom dei ressursane Sysselmeisteren disponerer. Sysselmeisteren disponerer to tenestehelikopter, tenestefartøy og køyretøy (beltevogn, bilar, snøskuterar m.m.) til vakt, beredskap og redning.</p> <p>Desse transportmidla, i tillegg til beltevogn, bilar og snøskuterar, er også nødvendige for ei effektiv politi- og redningsteneste og for ambulanse- og sjuketransport, også utanfor Svalbard sitt territorialfarvatn. Transportmidla blir dessutan nytta til naturoppsyn og arbeid for å førebyggje miljøkriminalitet. Ressursane er nødvendige for å føre eit effektivt</p>	

tilsyn med verneområde, kulturminne, jakt, ferdsel og turisme, også i dei fjerne delane av øygruppa. Tenestefartøyet til Sysselmeisteren, MS «Polarsyssel» er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssamanheng blant anna ved fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslepp, personskadar m.m. I tillegg er fartøyet avgjerande i dei årlege inspeksjonane av Svalbard og generelt i myndigheitsutøvinga til Sysselmeisteren. Det er særst viktig at helikopteret og fartøyet kan verke godt i lag. Polarsyssel er viktig for at Sysselmeisteren skal kunne drive oppsyn og utøve myndigheit.

STYRINGSPARAMETER 5.1:	Systematisk vurdering av samvirke i redningstenesta
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Gjennom godt samvirke ønsker ein å sikre best mulig samordning av aktørane i redningstenesta på Svalbard. Sysselmeisteren er, som politimeister, leiar for redningsleiinga ved den lokale redningssentralen (LRS) på Svalbard. Sysselmeisteren koordinerer ulike redningsressursar der målet er at dei verkar best mogleg saman med andre samvirkepartar. Vi ber om Sysselmeisteren si vurdering av samvirket.	

STYRINGSPARAMETER 5.2:	Systematisk vurdering av samordninga i samfunnstryggleiksarbeidet
Rapportering:	Tertialvis
Nærare omtale: Godt førebyggjande samfunnstryggleiksarbeid krev god samhandling mellom dei ulike aktørane slik at deira roller, ansvar og mynde er avklart. Dette er vidare viktig for å sikre et godt samvirke mellom aktørane ved hendingar. Øvingar er viktig for å styrke samhandlinga. Sysselmeisteren skal bidra til utvikling av samarbeidet mellom aktørane for å styrkje samfunnstryggleiksarbeidet både i det daglege og ved handtering av uønska hendingar. Vi ber om Sysselmeisteren si vurdering av samordninga.	

RAPPORTERINGSKRAV 5.1:	Tilstandsvurdering Sysselmeisteren sin maskinpark og andre eigendelar
Rapportering:	Tertialvis

IV. Mål og resultatforventningar for KLD

Det aktuelle resultatområdet i Prop. 1 S KLD (2021–2022) er resultatområde 6 Polarområdene.

A. Naturvern

MÅL 6:	Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal oppretthaldast, og naturmangfaldet skal bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet
Rapportering:	Årleg
Nærmare omtale: Ivaretaking av den særeigne villmarksnaturen på Svalbard er eit av dei overordna måla for Svalbard-politikken. Ein aktiv miljøpolitikk og eit effektivt regelverk skal sikre at Svalbard med tilgrensande hav- og drivisområde framleis skal vere lite påverka av lokal aktivitet, og vere eit stort, samanhengande villmarksområde.	

STYRINGSPARAMETER 6.1:	Den samla belastninga på sårbare økosystem, og natur- og kulturmiljøverdier frå ferdsel og annan menneskeleg aktivitet har ikkje auka
Rapportering:	Årleg
Nærmare omtale: For å oppnå redusert samle belastning på naturmiljøet treng ein samhandling mellom forvaltning og forskning. Det er behov for auka kunnskap om påverkningsfaktorar og ein treng ulike forvaltningsgrep, som revidert miljøregelverk, vurdere oppretting av nye verneområde, og ei forvaltning med større vekt på samanhengar i økosystema og dei høge miljømåla på Svalbard.	

OPPDRA 6.1:	I samarbeid med Miljødirektoratet og i lys av dei raske klimaendringane på Svalbard, utarbeide ein plan for oppfølging av arbeidet med forvaltningsstrategiar og regelverk for forvaltning av artar
Rapportering:	Tertialvis

Frist:	1. september 2022
<p>Nærmare omtale:</p> <p><i>Formål:</i> Sikre at dei verktøya vi har i dag i forvaltninga er tilpassa den nye kunnskapen vi har fått, effektar av klimaendringar og ein forvaltning av artar med større vekt på samanhengar i økosystema og dei høge miljømåla på Svalbard.</p> <p><i>Beskriving:</i> I 2021 blei det sett i gang eit samarbeid med Miljødirektoratet for å vurdere korleis gjeldande forvaltningsstrategiar og regelverk for forvaltning av artar passer inn i eit forvaltningsperspektiv med større vekt på samanhengar i økosystema i tråd med dei høge miljømåla på Svalbard, der klima utgjer ein sentral faktor for påverknad. Påpekte manglar i kunnskapsgrunnlag og noverande forvaltning, samt behov for tilpassing skal utgreiast vidare, og det skal lagast ein anbefaling for arbeid med moglege løysingar. Miljødirektoratet leiar arbeidet.</p>	

OPPDRA 6.2:	Hjelpa Miljødirektoratet i arbeidet med revidering av nasjonal handlingsplan for isbjørn. Bidra til å etablere, og ta i bruk PBHIMS for innsamling av data på møter mellom isbjørn og menneskjer, i samarbeid med Norsk Polarinstitutt.
Rapportering:	Årleg
Frist:	31. desember 2022
<p>Nærmare omtale:</p> <p><i>Formål:</i> Sikre ein effektiv beskyttelse av isbjørn og førebyggje at møter mellom bjørn og menneske fører til forstyrring, personskade, tap av menneskeliv eller at isbjørn blir avliva.</p> <p><i>Beskriving:</i> Sysselmeisteren har førstelinjeansvaret for forvaltninga av isbjørn og deira leveområde på Svalbard. Isbjørnbestanden på Svalbard er spesielt sårbar for klimaendringar og redusert utbreiing av sjøis, og også meir eksponert for forstyrring som følge av ferdsel enn dei fleste andre isbjørnbestandar i Arktis. Økt ferdsel og raske klimaendringar skaper behov for å revidere handlingsplanen. Den norske handlingsplanen for isbjørn er frå 2013. Det er behov for å revidere denne med oppdatert kunnskap og prioriterte tiltak i dei kommande åra. Data om korleis møter mellom menneskjer og isbjørn har føregått er viktig for å førebyggje at slike møte fører til forstyrring, personskade, tap av menneskeliv eller at isbjørn blir avlive. PBHIMS er ein database over møte mellom bjørn og menneske som omfattar alle dei fem isbjørnlanda, og er også viktig for utveksling av erfaringar på dette området under den internasjonale isbjørnavtalen.</p>	

OPPDRAG 6.3:	Hjelp Norsk Polarinstitutt i å etablere eit system for overvaking av effektar av ferdsel ved utvalde lokalitetar der folk kan gå i land, og starte opp med relativt enkle metodar som er mogleg å gjennomføre, på eit utval av lokalitetar
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	31. desember 2022
<p>Nærmare omtale: <i>Formål:</i> Følge med på utvikling av effektar av ferdsel ved utvalde lokalitetar der folk kan gå i land, som grunnlag for å vurdere tiltak <i>Beskriving:</i> Ferdsel ved lokalitetar der folk kan gå i land kan ha negative effektar på natur- og kulturmiljø. Slitasje på vegetasjon og terreng, forekomst av framande artar og dyrelivet sin bruk av områdene skal overvakast for å følge utviklinga. Oppdraget må sjåast i samanheng med styringsparameter 5.1 for 2021 om å hjelpa Norsk Polarinstitutt i arbeidet med å velje ut viktige lokalitetar for etablering av overvaking av mengdebelasting av ferdsel, og kartlegging av vegetasjon ved lokalitetar der folk går i land. Det er gitt utsetjing på oppdraget frå 2021 til 1. august 2022.</p>	

OPPDRAG 6.4:	Sende over verneforslag for Nedre Adventdalen til fagleg gjennomgang til Miljødirektoratet
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	31. desember 2022
<p>Nærmare omtale: <i>Formål:</i> Styrka vern av områder med særleg rikt fugleliv i nedre Adventdalen. <i>Beskriving:</i> Det blei i Sysselmeisteren sitt tildelingsbrev for 2018 gitt i oppdrag å igangsetje eit arbeid for vern av Nedre Adventdalen. Det blei meldt om start av prosess for arbeid med vern i juni 2019, og dette arbeidet skal no vidareførast.</p>	

STYRINGSPARAMETER 6.2:	Areal- og samfunnsplanlegginga tek omsyn til klimaendringar og natur og kulturmiljøverdiar innanfor planområda
Rapportering:	Årleg

Resultatkrav:	Areal- og samfunnsplaner har tatt omsyn til klimaendringar og natur og kulturmiljøverdiar innanfor planområda
Nærmere omtale: <i>Formål:</i> Gi bistand til lokalsamfunna i arbeidet med utvikling av arealplanar.	

B. Forurening

STYRINGSPARAMETER 6.3:	Lokale kjelder til forureining og avfall er redusert
Rapportering:	Årleg
Nærmere omtale: <i>Formål:</i> Sysselmeisteren skal prioritere arbeid med saksbehandling og kontroll av forureinande verksemd.	

OPPDRAG 6.5:	I samarbeid med Miljødirektoratet utarbeide vegleiing til forskrift om forureining og avfall. Sysselmeisteren skal også føre tilsyn med krav i denne forskrifta og ny lokal forskrift i Longyearbyen.
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	31. desember 2022
Nærmere omtale: <i>Formål:</i> Bidra til å redusere lokale kjelder til forureining og avfall på Svalbard, og sikre at nye krav til internkontroll blir implementerte. <i>Beskriving:</i> Det skal lagast faktaark om aktuelle tema. Arbeidet blei starta i 2021 og skal vidareførast i 2022. Miljødirektoratet leiar arbeidet. Sysselmeisteren skal føre tilsyn med utvalde krav i forskrift om forureining og avfall i Svalbard for å sikre at nye krav blir overhaldd. Om ny lokal forskrift i Longyearbyen blir vedtatt i 2022, skal Sysselmeisteren også prioritere å føre tilsyn med krav i denne forskrifta.	

OPPDRAG 6.6:	I samarbeid med Miljødirektoratet og Longyearbyen lokalstyre følge opp rapporten etter workshopen i 2021 knytt til muligheter og utfordringer med sirkulær økonomi på Svalbard.
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	1. september 2022
<p>Nærmere omtale: <i>Formål:</i> Styrke kunnskap om muligheter og utfordringer for sirkulær økonomi på Svalbard.</p> <p><i>Beskriving:</i> På Svalbard, som i resten av Norge, vil mer effektiv bruk av ressurser redusere klimagassutslipp, bremse tapet av naturmangfold, redusere belastninga knytt til forureining og bidra til nye grønne arbeidsplassar og forretningsmodell. Det blei i Sysselmeisteren sitt tildelingsbrev for 2021 gitt i oppdrag å arrangere ein workshop knytt til sirkulær økonomi på Svalbard. I forlenginga av workshopen i 2021, skal Miljødirektoratet, Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre identifisere behov for vidare oppfølging på kort (2022), mellomlang og lang sikt. Miljødirektoratet leiar arbeidet. Oppdraget vil bli presisert nærmere.</p>	

OPPDRAG 6.7:	Ferdigstille og sette i gang tiltak i strategi for marin forureining.
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	1. mars og 31. desember 2022
<p>Nærmere omtale: <i>Formål:</i> Bidra til å redusere marin forureining på Svalbard <i>Beskriving:</i> Marin forureining og mikroplast i havet og på strendene rundt Svalbard er identifisert som eit aukande problem. Sysselmeisteren har levert eit utkast til strategi for marin forureining. Denne strategien må ferdigstillast innan 1. mars 2022, og alle tiltaka i strategien må settast i gang innan 31. desember 2022.</p>	

STATISTIKK:	
Rapportering:	Årleg
<ul style="list-style-type: none"> • Talet på felte reinsdyr • Talet på talte rein • Talet på felte fjellrevar • Talet på fiska røyer • Talet på felte ringselar • Talet på felte storkobber • Talet på felte ryper • Talet på felt småvilt • Talet på felte kortnebbgjæser • Talet på felte havhestar • Talet på felte teistar 	

C. Kulturminne og -miljø

MÅL: 7	Dei 100 viktigaste kulturminna- og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning
Rapportering:	Årleg
<p>Nærmare omtale: <i>Beskriving:</i> Målet blir følgt opp gjennom Kulturminneplanen for Svalbard (2013–2023), som er viktig for å prioritere tiltak og innsats mot dei viktigaste og mest utsette kulturminne og kulturmiljøa. Oppfølginga av de prioriterte objekta varierer, frå tilsyn, forslag til freding, sikring i arealplan og til omfattande restaurering og vedlikehald.</p>	

STYRINGSPARAMETER 7.1:	Tilstand for prioriterte kulturminne
Rapportering:	Årleg
Resultatkrav:	Prioriterte kulturminne er sikra
<p>Nærmare omtale: <i>Formål:</i> Ha oversikt over tiltak knytte til prioriterte kulturminne, òg registrering av tilstand, sikring, vedlikehald eller istandsetting. <i>Beskriving:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Delen av dei 100 prioriterte kulturminna som har eit oppdatert kunnskapsgrunnlag • Delen av dei 100 prioriterte kulturminna som har eit aktivt tilsyn • Delen av dei 100 prioriterte kulturminna som er gått tapt 	

OPPDRAG 7.1:	Revidere kulturminneplanen for Svalbard
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	31. desember 2021
<p>Nærmare omtale: <i>Formål:</i> Revidere kulturminneplanen med sikte på å oppdatere og spisse formålet og tiltak i den gjeldande planen som utløpar i 2023. <i>Beskriving:</i> Oppdatere og utvikle Kulturminneplanen til eit verktøy for rapportering, i samanheng med Askeladden som rapporteringsverktøy. Arbeidet med revisjon av planen må sjåast i samanheng med utviklinga av indikatorar og parameter for styring av kulturmiljøa på Svalbard. Arbeidet skal ferdigstillast i 2023.</p>	

D. Tverrgående miljøarbeid

OPPDRAG 8.1:	Følge opp arbeidet med opprydding etter kulldrifta i Svea i tråd med avslutningsplanen for fase 2a og 2b
Rapportering:	Tertialvis

Frist:	Løpande til prosjektet er avslutta. Oppryddinga er planlagt ferdig i 2024.
Nærmare omtale:	
<i>Formål:</i> Store Spitsbergen Kullkompani AS har ansvaret for å gjennomføre opprydding etter kulldrifta i Svea. Sysselmeisteren skal følge opp arbeidet med oppryddinga som miljøvernmyndigheit med ansvar for svalbardmiljølova § 64.	
<i>Beskriving:</i> Sysselmeisteren skal føre tilsyn med oppryddingsarbeidet i Svea, fase 2A og 2B. Arbeidet involverer alle fagområda innan miljøforvaltninga.	

OPPDRAG 8.2:	Følge opp arbeidet med planlegging og opprydding etter koldrifta i Gruve 7
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	Løpande til prosjektet er avslutta.
Nærmare omtale:	
<i>Formål:</i> Store Spitsbergen Kullkompani AS har ansvaret for å gjennomføre opprydding etter koldrifta i Gruve 7. Nedlegging og opprydding skal skje etter nærmare fastsette krav frå forureiningsmyndigheita og eventuelt andre relevante myndigheiter (som for eksempel kulturminnemyndigheitene Riksantikvaren).	
<i>Beskriving:</i> Sysselmeisteren skal hjelpa Miljødirektoratet i arbeidet med nedlegging av Gruve 7. Arbeidet involverer alle fagområda innan miljøforvaltninga.	

OPPDRAG 8.3:	Arbeidsprosessar for miljødata- og geodataforvaltning for Svalbard skal baserast på digitale løysingar
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	31. desember 2022
Nærmare omtale:	
<i>Formål:</i> Å etablere digitale løysingar som sikrar at miljø- og geodata for Svalbard er lagra og blir gjort tilgjengeleg på ein effektiv måte for forvaltninga si saksbehandling. Miljødirektoratet koordinerer arbeidet.	
<i>Beskriving:</i> Sysselmeisteren skal i samarbeid med Miljødirektoratet få på plass rutinar og fast metodikk for innsamling og digitalisering av data, og rutinemessig innlegging av data i databasar. Arbeidet involverer alle fagområda innan miljøforvaltninga.	

OPPDRAG 8.4:	Oppsummere høyring av forskrifter i samband med endringar i miljøregelverket på Svalbard og oversende tilråding til Miljødirektoratet
Rapportering:	Tertialvis
Frist:	1. september 2022
<p>Nærmare omtale: <i>Formål:</i> For å ivareta miljømåla og bevare natur- og kulturminneverdiane, må det vurderast nye reguleringar for å sikre mot for stor samla belastning av påverkingar som klimaendringar og ferdsel.</p> <p><i>Beskriving:</i> I oppdragsbrev 14. februar 2020 ga KLD Miljødirektoratet, Norsk Polarinstitutt, Riksantikvaren og Sysselmeisteren på Svalbard i oppdrag å utarbeide innspel til eit høyringsnotat skrive av Miljødirektoratet om endringar i miljøregelverket på Svalbard. Forslaget har høyringsfrist 1. mai 2022, og Sysselmeisteren skal vurdere innspela og sende ei tilråding til Miljødirektoratet.</p>	

RAPPORTERINGSKRAV 8.1	Omfang av tilsyn i felt og vedtekne midlertidige avgrensingar i ferdsel.
Rapportering:	Årsrapport

RAPPORTERINGSKRAV 8.2	Tilsynsaktiviteten med verksemd som forureinar i 2022 (skal sendast Miljødirektoratet)
Rapportering:	Årsrapport

RAPPORTERINGSKRAV 8.3	Gjennomført vegleiing og oppfølging av ny forskrift om forureining og avfall, med søkelys på internkontroll, mindre tankar og løyve etter nytt regelverk
Rapportering:	Årsrapport

STATISTIKK:	
Rapportering:	Årleg
<ul style="list-style-type: none"> • Tal på søknader, avslag og klagesaker om motorisert og ikkje-motorisert ferdsel som er sendt Miljødirektoratet og Riksantikvaren. • Tal på helikopter landa i verneområda • Tal på rapporter om, og tillatingar til å gå i land, som råkar sårbare natur- og kulturmiljøverdiar (Virgohamna) 	

V. Styring og kontroll hos Sysselmeisteren

A. Internkontroll

Internkontrollansvaret til leiaren av verksemda er regulert i *Reglement for økonomistyring i staten* § 14 og utdjupa i hovudinstruksen til Sysselmeisteren. For å nå måla for Sysselmeisteren i møte med framtidige utfordringar, er tilfredsstillande internkontroll særleg viktig. God internkontroll kan førebyggje, avdekkje og korrigere eventuelle vesentlege avvik.

Dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) blir obligatoriske for alle statlege verksemder med ein innføringsperiode på fem år frå 2022, jf. nærmare omtale i [rundskriv R-114](#) av 31. august 2021 frå Finansdepartementet. Sysselmeisteren skal fastsetje tidspunktet for overgang til SRS i samråd med departementet.

Som nemnt i kapittel II, må statlege verksemder framover forvente strammare budsjett. Dette vil føre til krevjande prioriteringar også for verksemdene i justissektoren. Langsiktig planlegging, systematisk kunnskapsarbeid og god balanse mellom drift og utvikling vil bli endå viktigare framover. Sysselmeisteren skal arbeide kontinuerleg for å effektivisere oppgåveløysinga, med særleg merksemd retta mot digitalisering av arbeidsprosessar og tenester.

Vurdering av utfordringar og moglegheiter knytte til samfunnsoppdraget	
OPPDRAG 9.1:	Sysselmeisteren skal, i forkant av årsrapporten, gjere ei overordna, strategisk vurdering av hovudutfordringar og moglegheiter knytte til samfunnsoppdraget i eit femårig perspektiv. Vurderinga bør ta utgangspunkt i generelle utviklingstrekk i samfunnet (sikkerheitspolitisk utvikling, klimaendringar, økt ferdsel med påverking av dyreliv og slitasje på vegetasjon og kulturminne, demografisk utvikling, teknologisk utvikling m.m.), som kan påverke måloppnåinga til verksemda negativt eller positivt på lengre sikt. Vurderinga skal danne grunnlag for kapittel fem i årsrapporten.
Rapportering:	Det blir ikkje kravd at vurderingane skal sendast til departementa, men resultatet av vurderinga skal utgjere eit grunnlag for kapittel fem i årsrapporten. Dette skal gi departementet viktig informasjon i den langsiktige sektorstyringa.
Nærmare omtale: Dette oppdraget tek utgangspunkt i at JD ønskjer å styrke arbeidet med den langsiktige utviklinga og styringa i justissektoren.	

Særskilde rapporteringskrav om internkontroll	
Rapporteringskrav 9.1	Sysselmeisteren blir beden om å rapportere på internkontroll knytt til HR og HMS
Frist:	Andre tertialrapport

B. Saker frå Riksrevisjonen og Sivilombodet

Merknader frå Riksrevisjonen og utsegner frå Sivilombodet skal ha høg prioritet. Sysselmeisteren skal utvikle ein konkret plan for oppfølging av eventuelle feil og manglar som er peika på. Oppfølgingsplanen vil vere tema i styringsdialogen og skal omtalast i årsrapporten.

OPPFØLGING AV SAKER FRÅ RIKSREVISJONEN OG SIVILOMBODET	
Rapporteringskrav 9.2:	Årsrapport
Nærmare omtale: Oppfølgingsplanen skal vere tema i styringsdialogen og skal omtalast i årsrapporten.	

VI. Fellesføringar og andre krav frå regjeringa

Redusere konsulentbruken	
OPPDRAG 9.2:	Arbeidet med effektivisering utgjer ein integrert del av den ordinære styringsdialogen mellom departement og verksemd, og fylgjar dei allmenne prinsippa for styring i staten. I 2022 skal Sysselmeisteren arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast.
Rapportering:	Sysselmeisteren skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

Lærlingar	
OPPDRAG 9.3	Statlege verksemder skal ha lærlingar knytte til seg kor talet på lærlingar skal stå i eit rimeleg høve til storleiken på verksemda. Verksemder med meir enn 75 tilsette skal til kvar tid ha minst ein lærling, og større verksemder bør ha ambisjon om fleire enn ein lærling. Sysselmeisteren skal og kvart år vurdere om det er mogleg å tilby opplæring i nye lærefag og om ein kan auke talet på lærlingar. Alle statlege verksemder skal knyte seg til opplæringskontoret OK stat eller eit eller eit anna opplæringskontor.
Rapportering:	I årsrapporten skal Sysselmeisteren rapportere følgande: Talet på lærlingar, om det er vurdert å auke talet på lærlingar og eventuelt innafor kva for fag saman med kva for opplæringskontor verksemda er knytt til. Verksemder som ikkje har oppfylt krava, må gjere greie for årsaka til dette og kva dei har gjort for å oppfylle krava.

VII. Styringsdialog og rapportering i 2022

A. Styringsdialog 2022

Tidspunkta for etatsstyringsmøte vil følge av styringskalenderen for 2022.

Dato	Milepæl
15. februar 2022	Årsrapport til departementet
22. mars 2022	Etatsstyringsmøte i Longyearbyen
30. mai 2022	Første tertialrapport til departementet
16. juni 2022	Etatsstyringsmøte i Oslo
15. oktober 2022	Andre tertialrapport til departementet
1. november 2022	Etatsstyringsmøte i Longyearbyen
15. februar 2023	Årsrapport til departementet

B. Rapportering 2022

Styringsdialogen mellom Sysselmeisteren og Justis- og beredskapsdepartementet er innretta etter risiko og viktigheit. Risikoperspektivet skal også integrerast i rapporteringa frå verksemda.

Sysselmeisteren sin årsrapport for 2022 utgjer ein del av grunnlaget for rapporteringa til JD til Stortinget om oppnådde resultat for budsjettåret 2022.

Årsrapporten skal sendast over til departementet innan 15. februar 2023 og skal følgje krava i bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 1.6.1. Vi viser også til DFØ sin rettleiar for årsrapportering på nettsidene til DFØ. [Årsrapport – DFØ \(dfo.no\)](https://dfo.no)

VIII. Budsjettramma

A. Budsjettramma

På bakgrunn av Stortingets budsjettvedtak 15. desember 2021 blir følgende midlar stilt til disposisjon for Sysselmeisteren i 2022 over Svalbardbudsjettet:

(i 1000 kroner)

Kap. 0005	Sysselmeisteren	
Post 01	Driftsutgifter	75 616
Sum		75 616

Kap. 3005	Sysselmeisteren	
Post 01	Diverse inntekter	300
Post 02	Refusjonar mv.	3 000
Sum		3 300

Kap. 0006	Sysselmeisterens transportte- neste	
Post 01	Driftsutgifter	227 536
Sum		227 336

Kap. 3006	Sysselmeisterens transportte- neste	
Post 01	Leieinntekter frå det private	0
Post 02	Refusjonar frå det offentlige	500
Sum		500

Kap. 0009	Kulturminnetiltak	
Post 01	Driftsutgifter	2 220
Sum		2 220

Kap. 3009	Kulturminnetiltak	
Post 01	Diverse inntekter	0
Sum		0

Følgjande midlar er haldne tilbake i departementet/øyremerkte:

- På kap. 0006 Sysselmeisterens transportteneste er 56,2 mill. kroner haldne tilbake for utgifter til ny helikopteroperatør i Longyearbyen. Midlane vil bli betalt ut direkte frå Justis- og beredskapsdepartementet.
- På kap. 0006 Sysselmeisterens transportteneste er 3,8 mill. kroner haldne tilbake til utarbeiding av KVU og KS1 for nytt tenestefartøy for Sysselmeisteren. Midlane vil bli betalt ut direkte frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Følgjande endringar/ tiltak er innarbeidde i budsjetttramma for 2022:

- På kap. 0005 er løyvinga redusert med 1,0 mill. kroner som følgje av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgjevaravgift av dette, blir tilsvarande redusert.

B. Tildeling over andre budsjettkapittel

1. Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter, post 21 Spesielle driftsutgifter

Departementet tildeler Sysselmeisteren fullmakt til å rekneskapsføre utgifter i samband med Svalbard forliksråd si verksemd og for utgifter til godtgjering til forliksrådet sine medlem og kompetansehevande tiltak i form av kurs. Ein viser til forskrift om forliksrådene (forliksrådsforskrifta) og rundskriv G-05/2006 *Forliksrådene og sekretariat* for nærare føresegner om kva slags utgifter som kan bli postert på kap. 414, post 21.

Løyvinga på posten er på til saman 38 388 000 kroner. Svalbard forliksråd er blant aktørane som rekneskapsfører på denne posten og kan rekneskapsføre inntil 50 000 kroner på posten i 2022.

2. Kap. 469 Vergemål post 21 Spesielle driftsutgifter

Departementet tildeler Sysselmeisteren fullmakt til å rekneskapsføre utgifter i samband med Sysselmeisterens verksemd som statsforvaltar på kap. 469 Vergemål post 21 Spesielle driftsutgifter. Midla blir disponerte i tråd med regelverket for dei regelstyrte ordningane. Sysselmeisteren må være merksam på kva slags utgifter som blir belasta dei regelstyrte postane, og utvise kritisk haldning i bruken av denne typen utgifter. Sysselmeisteren er ein av fleire aktørar som belastar posten.

Sysselmeisteren er gitt fullmakt til å belaste posten for Sysselmeisterens utgifter til vederlag og utgiftsrefusjon for verjer, jf. vergemålsloven § 30.

Løyvinga på posten er på til saman 117 865 000 kroner. Sysselmeisteren er blant aktørane som rekneskapsfører utgifter på denne posten og kan rekneskapsføre inntil 10 000 kroner på posten i 2022.

3. Kap. 440, post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag

Sysselmeisteren blir gitt fullmakt til å belaste kap. 440, post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag, etter søknad og godkjenning av Nordland politidistrikt, jf. Politidirektoratet sitt rundskriv 2014/010 Retningslinjer for søk etter personer som er antatt å være omkommet.

C. Meirinntektsfullmakter

Vi viser til Innst. 17 S (2021–2022), romartalsvedtak III Meirinntektsfullmakter. Følgjande fullmakter blir delegerte til Sysselmeisteren:

Sysselmeisteren kan overskride løyvinga på postane under mot meirinntekter utover vedteke budsjett:

- kap. 0005, post 01, tilsvarande inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3005, post 02.

- kap. 0006, post 01, tilsvarande inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3006, post 02.
